

VESTLAND FYLKESKOMMUNE
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar ref.: 2025/12228
Vår ref.: 2025/5356 - 36724/2025

Saksbehandlar:
Dagrun Kyrkjebø

Dato:
09.10.2025

Høyring og offentlig ettersyn av planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse

Helse Førde HF takkar for høvet til å gi innspel til planprogrammet for Regional plan for verdiskaping og kompetanse. Føretaket ser positivt på initiativet til å samle og styrke det regionale planverket, og ønskjer å bidra med perspektiv frå spesialisthelsetenesta. Helse Førde HF vil særleg peike på følgjande område der planen kan få innverknad på helseføretaket sitt arbeid og der det kan vere aktuelt med medverknad:

Kompetanse og arbeidskraft

Helse Førde støttar planprogrammet sitt fokus på kompetanseutvikling og livslang læring. Vi ser behov for:

- Fleksible og relevante utdanningstilbod innan helsefag, både på vidaregåande nivå, fagskule og høgare utdanning.
- Tiltak for rekvalifisering og vidareutdanning av vaksne som ønskjer å gå inn i helsesektoren.
- Samarbeid med utdanningsinstitusjonar for å sikre tilgang på kvalifisert helsepersonell i heile fylket, herunder fast kontaktpunkt mellom helseføretak og Vestland fylkeskommune.

Inkludering og mangfald

Vi ønskjer å bidra til eit inkluderande arbeidsliv og føreslår:

- Tiltak for å betre norskopplæring og digital kompetanse for tilsette med innvandrarbakgrunn.
- Samarbeid med NAV og kommunar for å inkludere personar med helseutfordringar eller utan formell utdanning i arbeidslivet.

Samfunnssikkerheit og beredskap

Helse Førde har ei sentral rolle i beredskapsarbeidet i regionen. Vi føreslår:

- At helseberedskap vert inkludert som eit eige tema i planarbeidet.
- At helseføretaket ved behov vert invitert inn i arbeid knytt til samfunnssikkerheit og beredskap.

Innovasjon og teknologi

Vi ønskjer å bidra til innovasjon i offentleg sektor og føreslår:

- At helsesektoren vert inkludert i utviklinga av innovasjonssystemet, med særleg fokus på velferdsteknologi, digital pasientoppfølging og bruk av kunstig intelligens.
- Styrka samarbeid med forskingsmiljø og helse- og teknologiklynger i Vestland.

Medverknad og samarbeid

Vi ønskjer å delta i planprosessar og føreslår:

- At Helse Førde HF vert inviterte inn i relevante temagrupper og ressursgrupper.
- Etablering av faste kontaktpunkt mellom fylkeskommunen og helseføretaka for koordinering og kunnskapsdeling.

Vi ser fram til vidare samarbeid og takkar for høvet til å gi innspel.

Vennleg helsing

Anne Kristin Kleiven
Utviklingsdirektør

Dagrun Kyrkjebø
Samhandlingssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent

Digital kommunikasjon

Vi har elektronisk saksbehandling og er opptekne av at informasjon, også underlagt teieplikt, skal kunne sendast på ein rask og sikker måte. Vi ber derfor om at eit eventuelt svar på denne førespurnaden blir sendt gjennom ein av desse kanalane:

- Privatpersonar og private verksemder: [eDialog](#)
- Offentlege verksemder: eFormidling (via eige saks-/arkivsystem)

Mottakere

Arve Varden

Trine Hunskaar Vingsnes

Bjørn Morten Øen

Helge Robert Midtbø

Vidar Øvrebø

Øystein Helleseeth

Arve Uglum

Anne Kristin Kleiven

Børge Tvedt

Arne Skjelten

Heidi Alice Vederhus

VESTLAND FYLKESKOMMUNE